



FAGFORBUNDET

www.fagforbundet.no

# ÅRSMELDING 2021

*For  
Fagforbundet Helse Førde, avd 747*



Fotograf: Kristian Lund Solheim.

*Behandla på årsmøte 26.01.2022*



### *Innleiing*

Fagforeininga si årsmelding er fagforeiningsstyret sin rapportering til medlemmane på i kva grad styret har lukkast med å gjennomføre handlingsplanen som årsmøtet 2021 vedtok for perioden. På grunn av at Korona – pandemien førte til ein stor avgrensing for våre planar, har vi ikkje fått vore så aktive som planlagt dette året.

Likevel meiner styret at vi har fått gjennomført ein god del av det som stod i handlingsplanen vår, og vi meiner vi har vore tilgjengelige for medlemmane når behovet har vore der, også dette året.

### *Styret har i frå årsmøte 2021 vore samansett slik:*

<b>Fagforeiningsstyret</b>	<b>Namn</b>	<b>Periode</b>	
Leiar	Sølvi Anne Birkeland	2021 - 2023	
Nestleiar	Kristian Lund Solheim	2020 - 2022	
Sekretær	Randi Aven	2021 – 2023	
Opplæringsansvarlig	André Vindedal	2021 - 2023	
Kasserar	Per Solheim	2020 - 2022	
Styremedlem	Petter Ratvik	2021 - 2023	
Styremedlem	Wenche Hosteland Mæland	2020- 2022	
1.vara til Styret	Bodhild Nyhammer Bakke	2020 - 2022	
2.vara til Styret	Tove Nødset	2021 - 2023	
Leiar yrkesseksjon helse og sosial	Gro Tove Valsvik	2021 - 2022	
Vara	Tove Nødset	2021 - 2023	Fungert som leiar frå september -21
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon	Sivert Rømo	2021 - 2022	
Vara	Lena Mathea Hetle	2021 - 2023	
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Roger Smørdal	2021 - 2023	
Vara	Wenche Eikevik	2020 - 2022	
Ungdomstillitsvald	Sagal Adbullah Ahmed	2021 - 2023	Slutta aug. -21
Vara	Marcus Hornnes	2021 - 2022	Overtok aug.-21
Pensjonistillitsvald	Kjell Neset	2020 - 2022	
Vara	Kjell Nygård	2021 - 2023	
Revisor	Ole Alsaker	2020 - 2022	
Revisor	Per Scott Olsen	2021 - 2023	
Vara revisor	Laila Hovlandsdal	2021 - 2023	September 2021

### *Representantar til forbundsregionen sitt representantskap/regionsmøte*

Fagforbundet avd.747 Helse Førde sin fagforeining har hatt følgande representantar som delegatar til Representantskap/regionmøte





**FAGFORBUNDET**

www.fagforbundet.no

1. Sølvi Anne Birkeland
2. Tove Karin Nødset
3. Kristian Lund Solheim

**Vara:**

4. Petter Ratvik
5. Wenche Mæland
6. Per Solheim
7. Sivert Andreas Rømo

Det har vore 3 representantskapsmøter: 2 møter på Teams, 1 møte i Bergen.  
Møta behandla følgande saker:  
Tariff, Endring av vedtekter, Gjennomgang av Varslingsrutinar i Fagforbundet.

*Valkomiteen*

Valkomiteen har i henhold til vedtektene bestått av:

Kjell Nygård  
Mariann Hundsnes  
Rita Trælnes

*Revisorar*

Til å revidere fagforeninga sitt rekneskap, har det vært følgande revisorar og vara:

- 1: Ole Alsaker
  - 2: Per Scott Olsen
- Vara: Laila Hovlandsdal

Anna representasjon:

Leiar/Hovedverneombod Kirurgisk klinikk, Sølvi Anne Birkeland:

- Medlem FAMU og KAMU Kirurgisk klinikk
- Deltakar Klinikkråd kirurgisk klinikk
- Medlem HMS utvalet Fagforbund Vestland
- Deltakar prosjekt Sengepost og Hotell

Nestleiar, Kristian Lund Solheim:

- Medlem KAMU drift og eigedom
- Prosjekt utomhus

Føretakstillitsvald, Randi Aven:

- Styremedlem i Helse Førde
- Medlem i FAMU og i KAMU Stabsområdet
- Deltakar i fleire prosjekt i Helse Førde, m.a.: styringsgruppene Rekrutteringsstrategi for Helse Førde, LIBRA og Alle møter og HELIKS. Vara til styringsgruppa Pasientens helseteneste. Deltakar i prosjektgruppe «prosjekt Sengepost og Hotell»



## FAGFORBUNDET

www.fagforbundet.no

- Styremedlem i Fagforbundet Vestland
- Leiar i utval for Mangfald, Inkludering, Solidaritet og Likestilling i Fagforbundet Vestland
- Medlem i LO Vestland sitt familie- og likestillingsutval
- Medlem i Fagforbundet sitt koordineringsledd i Helse Vest
- Styremedlem i Fylkesutvalet i LO stat

### Leiv Johnny Fjellro:

- Prehospital plan:
  - o styringsgruppe
  - o arbeidsgruppe «Bremanger»
- Prehospital Faggruppe, nasjonalt

### Mariann Hundsnes:

- Koordineringsledd Helse Vest
- Styremedlem i Fylkesutvalet i LO stat.

### Kari Daltveit:

- Nestleiar i Fagforbundet Vestland

### Representantar til LO lokal:

Arild Ullebø, LO-Ytre Sogn

### **Aktuelt i perioden:**

Styret har hatt 8 styremøte.

Styret har i perioden handsama 93 saker.

Medlemstal pr. 31.12.21: 822 medlemmer

Yrkesaktive medlemmer: 452 medlemmer (utan lærlingane)

Dette ein oppgang på 4 yrkesaktive medlemmer, medlemstalet totalt er 34 meir enn i 2020.

Fane 2 ansvarleg (medlemsregisteret) i perioden har vore Per Solheim, han har lagt fram oversikt over nye medlemmer og utmeldingar på kvart styremøte.

### **Aktivitet i perioden:**

Pga. av pandemi og smittetiltak har vi ikkje kunne hatt aktivitet som planlagt rundt om i Helse Førde, men vi har likevel fått gjort ein god del av det som stod i handlingsplanen:

- Vi har markert dei ulike yrkesdagane ved at tillitsvalde bl.a. har sendt ut og hengt opp gratulasjonshelsingar.
- Vi har delt ut sommarhelsingar og julehelsingar på dei fleste avdelingane/arbeidsplassane. Som sommarhelsing fekk alle yrkesaktive medlemmer rumpevesker og bagasjemerke. Til jul fekk vi sjokolade frå LO som vart delt ut på mange arbeidsplassar i tillegg til julehelsing, kalendar og litt stasj.
- Vi har hatt stand på NSH
- Vi har hatt eit godt verveår, der vi har fått 81 nye medlemmer.



## FAGFORBUNDET

www.fagforbundet.no

Innmelde med kode 1 = 27 stk. Kode 2 = 40 stk. Kode 3 = 11stk. Kode 6 = 3 stk.  
Velkommen til dei!

- Vi har hatt ein vervekonkurranse blant medlemmene. Styret har bestemt at det skal trekkast ut eit medlem av dei som har verva. Denne medlemmen vil få eit gåvekort på kr. 500.-

### **Nestleiar Kristian Lund Solheim:**

Ringeprojekt i samband med Val -21.

### **Opplæringsansvarleg, André Vindedal:**

Pga. pandemi og smittetiltak var det først i september mogleg å arrangere dobbelt samling for tillitsvalde og styret.

Det har vore sendt ut Webinar med ulike tema som tillitsvalde og medlemmer har kunne meldt seg på.

Fagforbundet Helse Førde har støtta medlemmer i utdanning og kurs ved å dele ut stipend etter søknad.

Fase 1: 5 stk.

Fase 2: 3 stk.

LO-stat kurs på Sørmarka: 1 deltakar

Internt turnus/Gat kurs: 6 deltakarar

LO-favør kurs i Florø: 15. stk.

### **Kasserar, Per Solheim:**

Kasserar har lagt fram rekneskap på kvart styremøte, slik at vi har hatt god økonomistyring gjennom heile året. I år har mange aktivitetar gått ut og rekneskapen syner eit overskot på kr. 85 266.18

Overskot frå 2021 vert sett inn att i budsjett 2022 til medlemsgåve.

### **Fane 2 ansvarleg, Per Solheim:**

- Informerer om medlemsutviklinga i fagforeininga på alle styremøter.
- Har ansvar for at medlemmer som ynskjer å melde seg ut vert kontakta, slik at ingen melder seg ut før vi har informert om kva det vil bety for kvar enkelt, for eksempel i forhold til forsikring.
- Har ansvar for at nye medlemmer kjem på trekk, pensjonistar vert tatt av trekk og svarar på ulike spørsmål frå medlemmer om medlemsskapet.

### **Yrkesseksjonane:**

#### Seksjon Helse og Sosial, Gro Tove Valsvik /Tove Nødset

- Vidareformidla informasjon til medlemmene.
- Har markert dei ulike yrkesdagane.
- Har deltatt på fellessamling med Yrkesseksjonen Helse og Sosial i Fagforbundet Vestland (digitalt)

#### Seksjon Kontor og Administrasjon, Sivert Andreas Rømo

- Har formidla aktuell informasjon, nyhende (Ukebrev) og tilbod om kurs til medlemmene via e-post.
- Har markert yrkesdagar





- Har deltatt på fellessamling med Yrkesseksjonen Kontor og administrasjon i Fagforbundet Vestland (digitalt)

Seksjon samferdsle og teknisk, Roger Smørdal

- Har formidla aktuell informasjon og kurstilbud til medlemmer
- Har markert yrkesdagar
- Har delteke på yrkesseksjonsleiarsamling fysisk.

Ungdomstillitsvalet:

I løpet av året 2021 har det vore ei utskifting. Frå slutten ved siste årsmøte og fram til 21. august har Sagal Ahmed holdt leiervervet, med bistand av Marcus Hornnes som vara. Frå 21. august måtte Sagal fråtre stillinga som ungdomstillitsvald, ho slutta i HF. Den 21. august rykkja Marcus opp som ungdomstillitsvald, med støtte frå vara Ann-Kristin Frøyen. Undervegs som året har gått har ungdomstillitsvald gjennomført fleire aktivitetar. Tidlig på året ringte dei rundt til medlemmar, der dei høyrde om alt var bra hos medlemmane. Vidare vart det gjort forsøk på å få til ei faglig samling. Det vart litt vanskelegare enn antatt. Det vert teke til ettertanke til neste år. Seinare i 2021 deltok ungdomstillitsvald aktivt i LO sin sommar og lærlingpatrulje.

Tillitsvalde etter Hovudavtalen:

I perioden har Randi Aven vore føretakstillitsvald og har hatt frikjøp i 100 % stilling av Helse Førde.

Vi har i tillegg hatt frikjøp i 50 % av Helse Førde på grunn av alle prosjekta og planarbeidet som går i samband med Nye Førde Sjukehus, dette frikjøpet har Mariann Hundsnes hatt. Vi har i heile perioden mangla 1 tillitsvald på Nordfjord Sjukehus og 1 tillitsvald i medisinsk klinikk i Førde.

Dei tillitsvalde etter hovudavtalen har vore slik i perioden:

Område:	Namn	TV for avdeling/eining:
Helse Førde	Føretakstillitsvald Randi Aven 100 % frikjøp	Reinhald, Førde Førdegården Pasientreiser Bemanningscenteret Florø FAU Adm
Kirurgisk klinikk	Klinikkstillitsvald og tillitsvald (Ambulanse) Leiv Johnny Fjellro	Førde/Solund Florø/Svelgen Ytre Bremanger Selje Måløy Nordfjordeid Gloppen Stryn AMK
	Tillitsvald (Ambulanse) André Vindedal	Årdal Lærdal Sogndal/Vik Luster Høyanger

**FAGFORBUNDET**

www.fagforbundet.no

		Lavik Fjaler
	Tillitsvald Wenche Mæland	Ortopedisk sengepost + pol. kl. Intensivavdeling Operasjonsavdeling
	Tillitsvald Ellinor Sunde (fram til april) Ann-Kristin Husabø Frøyen (frå 3. november)	Kirurgisk sengepost (+ pol. kl.)
	Tillitsvald Randi Aven	Fødeavdeling Gyn. pol Sterilsentral Kirurgisk servicesenter
Medisinsk klinikk	Klinikktiltitsvald og tiltitsvald Kåre Strømmen	Medisinsk sengepost (+ pol. Kl.) Kreft sengepost " ANRR "
	Tillitsvald <b>Manglar</b> (Randi Aven)	Barneavdeling (+ pol. kl.) serviceseksjon, med. kl. Akuttmottak Lab/Rtg./Dialyse
Psykisk Helsevern	Klinikktiltitsvald og tiltitsvald (Førde) Mariann Hundsnes 50 % frikjøp	Akuttposten Psykoeposten Tryggleiksposten DPS allmenn UPH BUP Psyk. pol Psyk. servicesenter Matforsyning, Førde
	Tillitsvald Indre Sogn Psykiatrisenter: Tove Nødset	DPS døgn/dag Reinhald Matforsyning Adm avdeling Driftsavdeling
	Tillitsvald Nordfjord Psykiatrisenter: Bodhild N. Bakke	Ruspost, døgn DPS, døgn/dag Adm. avdeling
	Tillitsvald Tronvik Gro Tove Valsvik (fram til mars) Bjørge Eli Nese (frå 19. mars)	Rus, døgn Reinhald Driftsavdeling Administrasjon
Drift og eigeendom	Tillitsvald Kristian Lund Solheim	Portør Drift/eigeendom Lager Pasienthotellet Resepsjon



**FAGFORBUNDET**

www.fagforbundet.no

Lærdal Sjukehus	Tillitsvald Mariann Stenehjem Hatlenes	Medisinsk sengepost Med pol Ortopedisk sengepost Kir, pol Operasjonsavdeling. God start Matforsyning Husøkonom Driftsavdeling servicesenteret Adm. Avdeling
Nordfjord Sjukehus	Tillitsvald <b>Manglar</b>	Medisinsk sengepost God start Pol. klinikk (med/kir) Matforsyning Husøkonom Driftsavdeling Adm

Forhandlingsutvalet har i perioden bestått av:

- Randi Aven, leiar
- Mariann Hundsnæs
- André Vindedal.

Hovudsaker tillitsvalde har jobba med i 2021 har vore:

- turnusarbeid, sjekking og godkjenning av turnus på alle avdelingar i Helse Førde
- gjennomført lokale forhandlingar
- fremja individuelle lønnskrav i samsvar med B-del og rutinar i Helse Førde
- fremja krav og fått medlemmer fast tilsett etter AML
- fremja krav om auka stillingsprosentar for medlemmer etter AML.
- deltatt i FAMU og KAMU i alle klinikkar
- har deltatt på drøftingsmøter om drift og endringar av drift i samsvar med HA
- har deltatt i intervju og i tilsetjingsprosessar
- har deltatt i prosessar for å hindre omgjeringar av hjelpepleiarstillingar til sjukepleiarstillingar.
- har deltatt i budsjettprosess på ulike nivå i Helse Førde
- har deltatt i arbeidet med å løyse arbeidsmiljø- og konfliktsaker
- har deltatt i store og små prosjekt.

Tillitsvalde har hatt 4 nettverksmøte, alle 4 har vore digitale. På det eine møtet var kompetansesenteret med og hadde undervisning. På nettverksmøta har vi informasjonsutveksling, opplæring og ein får lufta og drøfta saker med kvarandre.

Vi har hatt også hatt 1 internt kurs med opplæring i turnus og bruk av GAT.

Tillitsvalde var også invitert med på fellessamling med styret i Florø 20-21/9.

### Avsluttande ord:

Året 2021 vart ei fortsetting der pandemi og til dels stor avgrensing vart styrande for kor mykje aktivitet vi kunne gjennomføre.





**FAGFORBUNDET**

[www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no)

Våre medlemmer har merka at det har vore spesielt travle tider, og vi vil gje ros til kvar og ein for den jobben som har vore gjort og som framleis vert gjort kvar dag!

Til tross for dette har 2021 vore eit år med bra aktivitet i Fagforbundet Helse Førde, og tillitsvalde har vore med på mange store og små saker. Fleire tillitsvalde har også vore med i prosjekt i Nye Førde Sjukehus og arbeidspresset har til tider vore stort. Det har gjennom året vore godt oppmøte og stort engasjement på alle styremøta, der vi har nytta Teams. Gleda var stor da vi etter fleire utsettingar kunne samle TV og styremedlemmar til 2 dagar i Florø 20-21 september.

Fagforbundet Helse Førde er godt nøgde med arbeidet som styret, føretakstillitsvald og tillitsvalde har utført gjennom året, der store og krevjande oppgåver er handtert på ein god og tilfredsstillande måte.

Styret i Fagforbundet avd. 747 Helse Førde  
v/Sølvi Anne Birkeland, leiar



Styret i Fagforbundet avd. 747 Helse Førde

Førde, 13.01.22

Sølvi Anne Birkeland

Sølvi Anne Birkeland

Kristian Lund Solheim

Kristian Lund Solheim

Randi Aven

Randi Aven

Per N. Solheim

Per Nikolav Solheim

André Vindedal

André Vindedal

Petter Ratvik

Petter Ratvik

Wenche H. Mæland

Wenche H. Mæland

Tove Nødset

Tove Nødset

Sivert G. Rømo

Sivert G. Rømo

Roger Smørdal

Roger Smørdal

Marcus Hornnes

Marcus Hornnes

Kjell Nøset

Kjell Nøset